

Til programkomiteen i miljøpartiet dei grøne mdg@mdg.no

Innspel til partiprogram

Studieforbundet kultur og tradisjon takkar for moglegheita til å kome med innspel til partiprogram for kommande 4-årsperiode.

Studieforbundet kultur og tradisjon er eit godkjent studieforbund og ein frivillig organisasjon med rundt 40 medlemsorganisasjonar. I 2023 vart det gjennomført 7347 kurs med over 60.000 deltakarar over heile landet. Å styrke opplæringa i studieforbund og frivillige organisasjonar er grunnleggjande viktig for å bevare og vidareformidle den levande kulturarven.

Studieforbundet vil understreke kor viktig det er å legge til rette for livslang læring gjennom å styrke vaksenopplæringstilbodet i regi av frivillige organisasjonar og studieforbund. Å styrke opplæringa i studieforbund og frivillige organisasjonar er grunnleggjande viktig for å bevare og vidareformidle den levande kulturarven, bidra til menneskebygging, demokratibyging, like moglegheiter, sosial utjamning og gode miljøval. Vi er og opptekne av å sikre føreseielege rammevilkår for kulturarvskulane, som vi meiner er avgjerande for utdanning av framtidens handverkarar.

Studieforbundet kultur og tradisjon foreslår at de tek med desse tre områda i det nye programmet;

Miljøpartiet dei grøne vil:

- Legge til rette for livslang læring, samfunnsdeltaking og demokratibyging gjennom styrkinga av opplæringstilbodet i regi av frivillige organisasjonar og studieforbund.
- Sikre føreseieleg finansiering og vidareføre særtilskotet til dei private kulturarvsskulane.
- Sørge for at studieforbund som bidreg til frivillig aktivitet og elles tilfredsstillar kriteria, skal gjevast rett til momskompensasjon.
- Tilrettelegge for styrka samarbeid, arbeidsfordeling og tilrettelegging for opplæring gjennom styrka finansiering av fellesorganet Vofo.

Livslang læring

Livslang læring, der vaksne får tilgang til opplæring, utdanning og vidareutdanning, er heilt nødvendig for å sikre omstillingsevna i samfunnet, for å gjera betre miljøval, for å fremme god integrering og fellesskap, utvikle demokratiet, kjempe mot ulike former for utanforskap og for å bevare og vidareføre levande tradisjonar. Frivillig innsats gjer samfunnet vårt rikare og fellesskapet mykje sterkare. Opplæring er ein bærebjelke i frivillige lag og organisasjonar, både i idrettslag, kulturorganisasjonar, barne- og ungdomsorganisasjonar og andre ideelle organisasjonar. For bevaring og vidareføring av tradisjonskunnskap, er frivillige organisasjonar og studieforbunda heilt avgjerande.

Kulturarvskulane

Landet vårt treng tradisjonshandverkarar. På kulturarvskulane, blir bygd verdifull kompetanse om den immaterielle kulturarven vår, om tradisjonelle handverksfag, i både gamle og meir moderne teknikkar. Det er grunnleggjande viktig at det finnes tilbod som gjer handverkarar rusta til å ta vare på og forstå kulturarven vår, ein kompetanse vi har bruk for i mange yrke i dag, innanfor kulturminnevern og yrke som kunstnar, undervisning og formidling. Desse tilboda finst i liten grad, eller ikkje i det heile, i det offentlege skuletilbodet. Kulturarvskulane har eit viktig samfunnsoppdrag i arbeidet for danning, tilhøyrslø og samfunnsbygging.

Kunnskap om immateriell kulturarv er ei viktig brikke i den grønne omstillinga, og nødvendig kunnskap for restaurering, gjenbruk og klimavenleg ressursbruk og ressursutvinning.

Momskompensasjonsordninga

Da ordninga vart utvida til den nåverande momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar, falt studieforbunda ut. Grunngevinga var at verksemda i følge Lotteri- og stiftelsestilsynet «må anses som organisert av det offentlige og at det offentlige i stor grad står bak». Grunngevinga er vanskeleg å forstå all den tid støtte til vaksenopplæring i organisasjonane er lagt til nettopp studieforbunda, fordi staten ikkje skal styre denne opplæringa. Vi meiner det er forskjellsbehandling at studieforbunda ikkje er del av kompensasjonsordninga og ber Arbeiderpartiet bidra til å rette opp denne skeivheita.

Vofo

Fellesorganet Vofo er ein viktig bærebjelke for samarbeid mellom studieforbunda, for effektivitet og arbeidsfordeling. Vofo er eit svært viktig organ og eit nav for tilrettelegging av effektiv og god opplæring gjennom studieforbunda.

Vågå 12.04.2024

Med beste helsing

Studieforbundet kultur og tradisjon

Magni Hjertenes Flyum /s/
Styreleiar



Kjærsti Gangsø
Dagleg leiar

